



Notat

Til:

Saksbehandler: Tenesteområde Plan, utbygging og kommunalteknikk/Laila Bjørge

Vår referanse: 17/2697 - 3 / Gbnr - 19/3, FE - 223, FA - V15

Dato: 17.11.2017

Emne: Synfarringsrapport i samband med søknad om avlingsvikt – Jan Audun Sagstad


Underteikna var saman med Jan Audun Sagstad på bruket GBNR 19/3 , 16.11.17 for å måla opp forlager i samband med søknad om avlingsvikt. Søkjar driv med kjøttproduksjon på storfe og hadde 16 foringsdyr på på bås.

Drift av grovforareal

Enga var i varierende alder, men vart fornya med ein del års mellomrom. Han hadde planar om å fornya noko dette året, men det har ikkje vore råd pga versituasjonen. Den vart gjødsla med gylle og kunstgjødsel, og Sagstad hadde eit aktivt forhold til ugraskamp og sprøyta mellom anna mot høymole m.m både på egne areal og leigejord.

I vanlege år brukte han å vera ferdig med slåttén før 20. juni, men dette året fekk han ikkje byrja før månadsskifte juni/juli. Han klarte likevel å slå mesteparten av areala. 2.dre slåttén vart forsinka både pga sein første slått og det dårlege veret. Noko areal (sjå vedlagte bilder) var ikkje mogleg å hauste.

Beiteslepp er vanlegvis mellom 1. og 15. mai og innsett i månadsskifte september/oktober. Dei to siste åra har han pga dårleg ver måtta setja inn dyra første veka i september. Han beita/fora med grønt gras i ca to veker før siloen vart opna. Dette går fram av søknaden.



Drenering:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Han har søkt og fått tilskot til grøfting. Noko er gjennomført, men det står litt att. Dei fleste areala let seg hausta under normale vertilhøve, og soleis er det ikkje generelt dårleg vasstilstand på bøane. Areala oppe på Sagstad er sand- og morenejord som vanlegvis er svært bæresterk, i tillegg er det ein god del hellande terreng. Det er difor ikkje grunn til å tru at det er manglande drenering er hovedårsak til avlingssvikt. Søkjar opplyser at til og med den bæresterke jorda var så vassmetta at det ikkje var råd å koma utpå.



Slåtteareal i sandskaret.

Siloane

Han har to store tresiloar, og foret lukta godt og hadde fin farge. FK hadde tatt forprøvar av siloen som var åpna, og skal koma att å ta prøvar av den andre siloen. Prøvane syner ei grasblanding (60 %) i tillegg strandrør, engsvingel og om lag 10 % ugras. Dette er ei normalt god eng på våre kantar. TS % var 28,3 og det var 4,06 kg / forenhet som underbygger at dette. Han hadde fått tilbakemelding at protein nivået i foret var lågt, og vart rådd til å byta til ein meir proteinrik kraftforblanding. Høstedata var 30.06.2017. Elles ligg dei fleste verdiane innanfor det som vert rekna som normalt.

I normal år brukar han å ha att 10-15 m³ ved beiteslepp, men sidan 2016 og var eit vanskeleg forår hadde han ingen ting att og i tillegg måtte kjøpa inn nokre rundballar sist vinter.

Oppmåling av siloane:

Han har lagt inn på søknaden høgden på siloane og ikkje på den ferdig segne massen.

Silo 1 var 6 meter høg

- ferdig segen masse då han byrja på siloen andre veka i september var 3,3 meter.
- I normal år brukte han å ha om lag 1 meter meir.
- forbruk frå innsett til synfaring var om lag 1,80 m og det gjenstår då 1,5 m silomasse

Silo 2 var 7 meter høg

- innlagt ferdig segen masse 4 meter
- til vanleg 6,3 m
- skal ta forprøvar

Konklusjon:

Sagstad driv vanleg jordbruksdrift og har normalt god eng med lite ugras. Han har høveleg gjødselnivå, og i hovudsak god dreneringstilstand på jorda. Oppmåling av siloane syner at mengda er vesentleg mindre enn i normalår, og vedlagte bilder dokumenterer godt at det var vertilhøva som er årsak til avlingssvikt. Etter hans oppfatning skuldast 90% av avlingstapet vertilhøve og kommunen er samd i denne konklusjonen..

Kopi til: